



Det er gjort mykje bra branntryggleiksarbeid i Helgheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er gjort mykje bra arbeid i Helgheim for å halde branntryggleiken i bygget på eit tilfredsstillande nivå. Det skriv branningeniør Stein Kyrre Kvinge etter at det er halde tilsyn i huset.**

Han strekar under at det er viktig å ivareta persontryggleiken då bygget i seg sjølv er gammalt og vanskeleg å gjera mykje med.

Gode og tydelege rømningsveggar kombinert med lett tilgjengeleg slökkjeutstyr er viktig dersom brann bryt ut, men det viktigaste er sjølvsagt å førebyggja at brann starter i det heile, held Kvinge fram.

Då det er mangelfulle branncelleavgrensande konstruksjonar i bygget, er det truleg at ein litt utvikla brann kan føra til totalskade.

Ein merknad etter tilsynet er at døra frå festsal til scene var merka som rømningsveg. Ein vart einige om å fjerna skiltet sidan det er misvisande. Området på sida av scenen er ikkje ein god rømningsveg.

Ein annan merknad er at dørhandtaket frå festsal til det fri var laust.

Det vart diskutert om ledesystemet i bygget er godt nok. Det vart semje om at brannvernleiar skal gå over skilta og sjå om dei lysar godt nok. I tillegg skal ein sjå på bruken av pilar/skilt slik at desse stemmer med 'terrenget'.

Det vart også semje om at ein skal vurdera å montera ein form for lys over skilta ut frå festsalen slik at desse vil vere opplyste sjølv om lyset er dempa i resten av salen. Det er spesielt viktig at ledesystemet fungerer også under spesielle arrangement som til dømes revyar då det ofte er mest folk i salen. for å siktra effektiv rømning frå festsalen må ein sjølvsagt sørge for at begge dørblanda er opne i døra ut i gangen.

Av Ola Matti Mathisen